

"Sekkeløp" på Fjellhaugen

30.01.2007



Klare for Telenorkarusellen: Leiar Cathrine Haugland, nestleiar Bjørn Olav Tveit og altmogelegmann Steinar Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

"Sekkeløp" var eit fast innslag i 17-mai-løyene i gamle dagar, men no er det flytta til den vinterlege årstida og løpet skal gå føre seg i skisenteret på Fjellhaugen! Men det er nødvendig å presisera at det gjeld eit løp på ski og at sekkane er til dei som deltek.

Det er den såkalla Telenorkarusellen det gjeld og alle mellom seks og 12 år kan vera med i den. Opplegget er også sponsa av Norges Skiforbund.

Karusellen vert avvikla onsdag 7. februar og sundag 18. mars og dei som er med begge gongane får solide og forseggjorte "Telenor-sekkar" og i tillegg diplom. Løpet er i fristil, det vert altså stilt krav til nokon bestemt teknikk for dei som deltek..

Det var tilsaman 290 idrottslag som søkte om å få bli med i karusellen og ski- og friidrettsgruppa her i Uskedalen var blant 150 heldige, opplyser leiar Cathrine Haugland til uskedalen.no.

- Men det er også ein annan karusell på gong...
- Jau, det er den tradisjonelle Kvinnherad-skikarusellen, som startar kommande sundag og som omfattar fire renn der tre er teljande. Rennet den 7. februar er også med i denne karusellen.

Rennet 18. mars er – i tråd med det som er dagens populære trend – eit sprintopplegg inne på "stadion". Det er fine føreforhold i Fjellhaugen no og gruppas ansvarlege ser verkeleg fram til at sesongen kjem i gang for ålvor. Det har vore opptil 60 deltakarar i barneskirenn når snøtilhøva har lege til rette for det. Og familietrimmen som gruppa starta med i fjor haust og som har vore ein stgor suksess har framleis stor deltaking. Det var rundt 35 som møtte fram i Aktivitetshuset denne måndagen!

Av Ola Matti Mathisen